



Sotra vidaregåande skule

- ein skule for framtida



SOTRA VIDAREGÅANDE SKULE
HORDALAND FYLKESKOMMUNE



Satsar på samarbeid

På Sotra vidaregåande skule jobbar vi hardt for å leve opp til mottoet vårt: 'ein skule for framtida'. Det vil vi vere på fleire måtar - både ved å utdanne dei framtidige samfunnsborgarane, og ved å heile tida ha eit solid samarbeid med bedriftar og industripartnarar.

Sotra vidaregåande skule har ein god dialog med fleire verksemder i området, og vi har i mange år jobba tett i lag med seriøse aktørar for å førebu elevane våre på arbeidslivet på best mogleg måte.

Hjå mange av samarbeidspartnarane våre er det gode moglegheiter for å få fast jobb etter læretida, så her hos oss kan du sikre framtida di!





Bli med på laget for et bedre miljø!

GK tilbyr spennende utfordringer, faglig utvikling og fleksibilitet i hverdagen. Hvordan kan DU bidra til energieffektivisering i bygg?

Bli med å utvikle fremtidens inneklime i samarbeid med et av landets sterkeste kompetansmiljø innen fagområdene: ventilasjon, byggautomasjon, kulde, elektro, rør/VVS. Vi er alltid på utkikk etter smarte folk som kan bidra til smarte og energieffektive løsninger i nye og eksisterende næringsbygg.



- Byggautomasjon
- Kuldeteknikk
- Ventilasjon
- Service teknikere



- EI-kraft
- Tele og signalanlegg
- Service elektrikere




- Sanitær, varme- og kuldeanlegg
- Service rørleggere

GK er en TotalTeknisk Entreprenør og Servicepartner. Vi tilbyr helhetlig rådgivning, ledende teknologi og en lang rekke smarte løsninger som bidrar til betydelige energi- og miljøgevinster i kombinasjon med optimal komfort for byggets brukere. Vi er tilstede lokalt i hele Norge, Sverige og Danmark, og vi har fordelene av et bredt støtteapparat med teknisk kompetanse på høyeste nivå. Les mer: www.gk.no

Ventilasjon | Byggautomasjon | Kulde | Rør | Elektro | Wallemslien 18, 5165 Laksevåg. Tlf: 55 94 50 00 | www.gk.no



- for et bedre miljø



Bygg- og anleggsgag

Nokon må skape verdiar i samfunnet og samstundes ta vare på det som vi alt har. Vil du bidra med å bygge vegar, bygningar, uteområde og anlegg? Då kan bygg- og anleggsgag vera den rette vegen for deg. Dette er gag som krev at du både kan arbeide sjølvstendig og trivst med å løyse oppgåver i lag med andre, sidan mange bygg- og anleggsprosjekt blir utført saman av ulike yrkesgrupper.

Når du er ferdig utdanna, kan du til dømes jobbe som veg- og anleggsgagarbeidar, murar, tømrar, røyrleggar eller glasfagarbeidar. Du kan få jobb i offentlege eller private verksemdar, handverksbedrifter eller industri- eller entreprenørbedrifter.

Vg1 Bygg- og anleggsteknikk

Vg2 Byggteknikk

Elektrofag

Likar du å halde deg oppdatert på ny teknologi, og tykkjer du installasjon og vedlikehald av elektriske eller elektroniske system er tingen? Om du tek elektrofag hos oss, får du eit solid grunnlag av kunnskap og erfaring som kan gi deg sikre og utfordrande jobbar i framtida. Du må kunne arbeide nøyaktig, sikkert og systematisk, og du bør vere serviceinnstilt. Her er det viktig med logisk tenkjemåte og kreativitet for å løyse konkrete oppgåver, og det blir stilt krav til kvalitet, pålitelegheit, tryggleik og dokumentasjon. Etter to eller tre år på skulen kan du søke læreplass eller ta påbygg til generell studiekompetanse.

Med denne utdanninga kan du bli blant anna elektrikar, flymekanikar, data- eller produksjonselektronikar, heismontør eller romteknolog.



Teknikk og industriell produksjon (TIP)

Er du interessert i maskinar og køyretøy, og drøyer du om å arbeide med teknikk og mekanikk? Då er teknikk og industriell produksjon garantert ei utdanning du vil trivst med. Her får du moglegheit for å ta fagbrev etter to år i skule og to års læretid. TIP kan óg vere eit springbrett vidare til høgare teknisk utdanning dersom du ønskjer det.

Når du har fullført utdanningsprogrammet kan du få varierte jobbar innan teknologi, til dømes innan skipsindustri, i oljebransjen eller bilbransjen. Bilmekanikar, sveisar, motormann, industrimekanikar og brønnoperatør er nokre av yrka du er kvalifisert til etter ferdig utdanning.

Vg1 Elektrofag

Vg2 Elenergi

Vg2 Automatisering

Vg3 Automatiseringsfaget

Vg1 Teknikk og industriell produksjon

Vg2 Industriteknologi

Vg2 Kjøretøy



Restaurant- og matfag

Brenn du for mat og drikke - både å lage det, lære om det og innovere på kjøkkenet? Med restaurant- og matfag får du meir kunnskap om mat og eit betre innblikk i vår eigen og andre sin matkultur. Dette er lina for deg som likar å lage mat, er utetervend, kreativ og trivst i høgt tempo. Du må óg vere serviceinnstilt, ansvarleg og like samarbeid. Denne utdanninga gir deg gode kontaktar i det lokale næringslivet og fagmiljøet, og tilgang til jobbar i heile verda.

Utdanningsprogrammet opnar for yrke i mellom anna hotell- og restaurantnæringa og næringsmiddelindustrien.

Vg1 Restaurant- og matfag


Vg2 Kokk og servitør

Vg1 Tilrettelagte grupper

Service og samferdsel

Service-sektoren vert større og større, og det trengst mange til å utføre dei varierende jobbane på området. Har du lyst til å jobbe med kundehandsaming? Ønskjer du å vera bedrifta sitt ansikt utåt, jobbe på hotell eller bli vektar? Hos oss kan du ta to år på service og samferdsel før du skal ut i lære, og det vil vere eit steg på vegen mot draumeyrket ditt.

Denne lina kan gi deg jobb innan ulike service-bransjar - frå sal til transport og reiseliv. Her er det viktig å kunne tenkje løysingsorientert ut frå behova til ulike kundar - både tradisjonelt og kreativt. Etter ferdig utdanning kan du jobbe som til dømes kontor- og administrasjonsmedarbeidar, logistikkoperatør, vektar, yrkessjåfør, resepsjonist eller reiselivsoperatør.



Vg1 Service og samferdsel

Vg2 Sal, service og tryggleik

Helse- og oppvekstfag


Er du omsorgsfull og flink til å prate med folk? Har du ein hjelper i magen og ynskjer du å jobbe med menneske i forskjellige aldrar og livssituasjonar? Då kan helse- og oppvekstfag vera eit godt val for deg. Dette er utdanningsprogrammet for deg som likar utfordringar og ansvar. Du kjem til å jobbe med anten barn og unge, eldre menneske eller personar med funksjons- eller utviklingshemming.

Etter to år på skulen kan du ta fagbrev og jobbe i blant anna heimebaserte tenester, på sjukehus eller i bufellesskap, barnehage og skulefritidsordning.

Vg1 Helse- og oppvekstfag

Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget

Vg2 Helsearbeidarfaget



Studiespesialiserande

Har du planar om å studere på høgskule eller universitet i framtida? Er du glad i å lære og få kunnskap om mange ulike område? På studiespesialisering får du den kunnskapen du treng for å bygge vidare på interessene dine og nå måla dine. Me tilbyr studiespesialisering innan realfag, teknologifag og språk, samfunn og økonomi. Om du vel utdanningsprogrammet for studiespesialisering, bør du trivast med å arbeide med teoretiske fag, og her kan du oppnå både generell og spesiell studiekompetanse.

Generell studiekompetanse opnar for høgare utdanning til yrke som til dømes dyrlege, økonom, historikar, lærar, psykolog, jurist og antropolog.

På teknologilina vert praksis og teori kombinert i ei spesialisert utdanning innan teknologiske fag. Det fører fram mot studium og arbeid som ingeniør, sivilingeniør eller andre tekniske eller naturvitskapelege jobbar.

Vg1 Studiespesialisering

Vg2 Studiespesialisering med språk, samfunnsfag og økonomiske fag

Vg2 Studiespesialisering med realfag

Vg3 Studiespesialisering med språk, samfunnsfag og økonomiske fag

Vg3 studiespesialisering med realfag

Vg1 Studiespesialisering med teknologifag (teknologilina)

Vg2 Studiespesialisering med teknologifag (teknologilina)

Vg3 Studiespesialisering med teknologifag (teknologilina)




Lærlingbedrifter

På Sotra vidaregåande skule meiner me at ungdomsbedrifter er eit viktig tiltak og kan vere ein avgjerande del av utdanninga. Elevane får høve til å lære og utvikle forretningsidear og planleggja, drive og leggja ned bedrifter. Lærlingbedriftene på Sotra vidaregåande skule finst innan programområda service og samferdsel, restaurant- og matfag og studiespesialisering. Alle bedriftene vert registrerte i

Brønnøysundregisteret og er drivne etter reglane i næringslivet. Dei har alle kvar sin daglege leiar, produksjonssjef, marknadssjef, personalsjef og økonomisjef, så elevane får prøve seg som gründerar og profesjonelle i næringslivet.





Påbygg til generell studiekompetanse

Har du gått yrkesfag, og har no lyst til å ta ei høgare utdanning? Det trengst berre eit år med påbygg, så har du alle moglegheiter opne.

Dersom du har fullført og bestått Vg1 og Vg2 frå eit yrkesfagleg utdanningsprogram, kan du oppnå generell studiekompetanse ved å ta eit påbyggingsår. Elevar som har fagbrev kan søkje seg til ein eigen klasse med litt færre timar. Påbyggingsåret gir deg moglegheit til å studere vidare på høgskular og universitet.



Vaksenopplæring

Om du ikkje har fullført vidaregåande utdanning, har du rett til gratis opplæring frå det året du fyller 25 år. Opplæringa gir deg det teoretiske grunnlaget du treng for å gå opp til fagprøven, men det er ein fordel om du i tillegg har praktisk erfaring i faget frå før. Opplæringa er på deltid, og både undervising og læremidlar er gratis.

Vi tilbyr gratis teoriopplæring innan desse yrkesfaga:

- Barne- og ungdomsarbeidar
- Helsefagarbeidar
- Salsmedarbeidar
- Logistikkfag
- Reinhaldsoperatør
- Akvakultur
- Sjømatproduksjon
- Studiespesialisering
- Tømrar



Øygarden kommune

Øygarden kommune tilbyr lærlingplassar innanfor fylgjande fagområde:

- Helsefagarbeidar
- Barne- og ungdomsarbeidar
- Institusjonskøkk
- Kontor- og administrasjon
- IKT

øygarden
– brubysgjaren

Design og handverk

Du som vel design og handverk bør ha kreative evner og like å arbeide med hendene. På dette utdanningsprogrammet får du bruke kreativiteten din og tenkje utradisjonelt. Du får innblikk i teikning, formgiving og fargebruk. Opplæringa gir deg kunnskap om korleis det er å arbeide med mange ulike materiale, og du får eit godt innsyn i kunst- og kulturhistorie, som gir eit godt utgangspunkt for å forstå dei skapande prosessane betre.

Design og handverk gir grunnlag for mange spennande handverksyrke. Denne yrkesfaglege utdanninga er fyrste skritt på vegen mot ein jobb innan design, tekstil og interiør. Du kan mellom anna bli gullsmed, frisør, handvevar, glasblåsar, dekoratør, skomakar eller skreddar.

Vg1 Design
og handverk

Vg2 barne- og ungdomsarbeidar



På Bildetangen har Liegruppen som mål å tilby **framtid**s ele og arbeidstakarar eit **levande** bymiljø i Sotra Kystby.





Idrettsfag

Har du sprell i beina, lyst til å lære om kroppen og samstundes balansere dei fysiske aktivitetane med ein god dose teori? Vel du idrettsfag hos oss, får du ei allsidig opplæring i ulike idrettar medan du kvalifiserar deg til generell studiekompetanse. Du må vere glad i trening og fysisk aktivitet, men du må òg like å arbeide med teoretiske fag. Aktivitetslære og treningslære er felles programfag, og du vel sjølv mellom toppidrett eller breiddeidrett som valfritt programfag.

Utdanningsprogrammet gir generell studiekompetanse og høve til vidare studium ved høgskular og universitet. Det gir òg grunnlag for å ta på seg trenarjobbar innan idretts- og friluftsliv, spesielt innan barneidrett.

Vg1 studieførebuande med idrettsfag

Vg2 studieførebuande med idrettsfag

Vg3 studieførebuande med idrettsfag

evær, studentar



Les meir om framtidens bydel på www.bildetangen.no



Kvardagsliv og arbeidslivstrening

Kvardagslivstrening er tilrettelagt for elevlar med større hjelpebehov enn andre. Målet er å trene elevane til å meistre ein framtidig tilrettelagt arbeids-, bu- og fritidssituasjon. Opplæringa på skulen skal føre til eit sjølvstendig liv med minst mogleg hjelp.

Sotra vidaregåande skule samarbeidar med ulike verna bedrifter, arbeidssenter og dagsenter nær heimstaden til eleven. Opplæringa er både teoretisk og praktisk retta, og blir tilpassa dei aktivitetane eleven kan venta seg å få i arbeidslivet. Etter eitt til to år på skulen blir elevane utplassert i bedrifter, eller startar eit tilvenningsprogram på arbeidssenter eller dagsenter.

Straume MesterBygg AS

Din komplette leverandør av alle typer byggetjenester

Som godkjent lærebedrift har vi til enhver tid flere lærlinger som gjør en flott jobb.

Har du bestemt deg for å bli tømrer?

Da er du velkommen til å søke læreplass hos oss.



Smålonane 24, 5353 Straume
Tlf. 56 31 40 40 • www.straume-mb.no



Sund Senter Blomster AS

Blomsterfaghandel i Sund

Med Interflora formidler vi blomster til inn og utland.

Tlf. 56 33 90 13 • www.sundsenterblomster.no





N.K.S. FAYEHAGEN
AVLASTNINGSBOLIG

Din dag på din måte – Aktiv avlastning
Høy faglig kompetanse gir trygghet



N.K.S. Fayehagen har de nødvendige yrkesgrupper med høy faglig kompetanse. Våre yrkesgrupper:

- Vernepleiere
- Førskolelærere
- Hjelpepleiere
- Barn og ungdomsarbeidere
- Omsorgsarbeidere
- Kokk
- Assistenten

Gjennom brukermedvirkning og tverrfaglig samarbeid med tjenestemottaker i sentrum for våre handlinger, vil vi gi alle et optimalt tilbud.

Welhavensgate 72, 5006 Bergen - Tlf. 55 30 21 50
E-post: nks.fayehagen@fayehagen.no

BIOMEGA

www.biomega.no • contact@biomega.no
tel: 55 62 94 50

De beste biproduktene
gir oss 100% utnyttelse
av fisken



Takk til våre
samarbeidspartnarer!



Om skulen

Sotra vidaregåande skule er ein kombinert skule med om lag 900 elevar og 160 tilsette, fordelt på dei to skulestadane våre på Bildøy og i Sund. Vi tilbyr ni programområde med stor breidde og variasjon, så dei fleste vil finne ei spennande fagretning hos oss. Vi har engasjerte lærarar som gir elevane god oppfølging og bidrar eit artig og kreativt læringsmiljø.

Respekt, medansvar, kunnskap og dugleik er verdiar som står sentralt på skulen. Hos oss får du moglegheit til å vekse, lære og utvikle deg. Elevane våre skal bli rusta til å ta ansvar og utfordringar – og vi yvnskjer å bidra til å vekkje engasjement i kvardagen!

På Sotra vidaregåande skule får du

- Eit godt læringsmiljø med engasjerte og dedikerte lærarar
- God rådgjeving
- God tilpassing for den einskilde eleven/kursdeltakaren
- Ei skuleleiing med tett oppfølging av læringsutbytte for elevar/kursdeltakarar.

Hjå oss skal alle elevar føle seg trygge og bli sett!

**Velkomen til Sotra vidaregåande skule
– ein skule for framtida!**



**Branndalsmyra 61
5353 Straume
Tlf. 57 30 51 00
post.sov@hfk.no**

www.sov.hfk.no